

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2015

Svein Halleraker, styreleiar i Carte Blanche, ønskte ei vurdering frå administrasjonen om korleis Carte Blanche skal løyse sitt behov for lokale når leigeforholdet deira gjeng ut 2017.

Administrasjonen orienterte om fylkeskommunen sitt arbeid med å sikre Carte Blanche nye lokale etter 2017.

Tom Sverre Tomren stilte spørsmål til kvifor Bergen Døvesenter ikkje har fått svar på søknad om brannsikring av verna bygg.

Administrasjonen orienterte om at søknaden er sendt over til Riksantikvaren og ein avventar vidare sakshandsaming.

Tom Sverre Tomren stilte spørsmål til om fylkeskommunen og fylkespolitikarane kan påverke arkitekturen i fylket.

Administrasjonen orienterte om det handlingsrommet fylkeskommunen har på fagfeltet er heimla i sakshandsaming og Regional plan for kultur 2015 – 2025.

Natalia Golis stilte spørsmål til korleis fylkeskommunen har støtte drifta av USF Verftet og om ein har motteke søknaden om driftstilskot til USF Verftet for 2016.

Administrasjonen orienterte om at fylkeskommunen ikkje har gjeitt direkte driftstøtte til USF Verftet, men har støtta opp om drifta gjennom tilskot til gjestekunstatelierordninga og Skrivekustakademiet. Søknad om driftstønad er motteke for 2016 – 2018.

Delt ut:

- *Årsmelding*, USF Verftet 2014
- *Programbok* for Hardanger musikkfest 21. – 25. mai 2015
- *Årsmelding*, Friluftsrådet Vest, 2014 – jf. RS 40/15